



Børnes som ferjekai? I påska hadde djupvasskaia besøk av ein 93 meter lang båt! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tore Vevik i Transportkompaniet kom for nokre veker sidan med forslag om Børnes som ferjekai og no går han vidare med saka.

Under årsmøtet i Kvinnherad Næringssservice måndag hadde han med seg forslaget, som går ut på å stoppa arbeidet med Årsnes som ferjestad inst i kommunen mot at ein satsar alt på nytt samband frå Børnes til Os. - Dette vil gje kortare reisetid for 90 prosent av dei reisande til Bergen, heitte det mellom anna i uttalen. Den innheldt og eit punkt til støtte for ein indre, ferjefri kyststamveg.

Årsmøtet tok ikkje forslaget opp til votering, men sendte det over til styret for eventuell vidare behandling, melder Kvinnheringen.

I styret er Gaute Lund attvald som styreleiar og han har med seg Jorunn Nordtveit, Yngve Bryn, Dag Handeland og Svein Arne Sæberg – dei to siste attvalde. Sørø skal ha den sjette styreplassen.